

Skriv knytt til Covid-19 situasjon i arbeidet med diplomoppgåve

Eg nytta meg av arbeidsplass på teiknesal fram til korona-tiltaka vart iverksett. Overgangen frå teiknesal til heimekontor tok frå meg printe-moglegheit, samt diskusjonar og samtalar med medstudentar. Laptopen eg brukar har avgrensa arbeidskapasitet, så arbeidet har til tider gått tregare enn ynskja. Dette har særleg vore problematisk under arbeid i Adobe Photoshop, då arbeidsminnet til maskinen blir fullt opp og ikkje klarar å utføre kommandoane eg ber om. PC-en har også avgrensa meg frå å lage perspektivillustrasjonar/renderings av den kvaliteten eg kunne ynskja, noko eg ellers kunne ha nytta skule-pc-ar til.

Ettersom verkstaden haldt stengt, har eg valt å ikkje lage modell av prosjektet mitt.

Rettleiar har stilt seg tilgjengeleg for vegleiing via Zoom og andre digitale media, noko eg er svært takksam for. Innimellom har vi hatt enkelte problem med å forstå kvarandre gjennom pdf-presentasjonar og «delte skjermar», men dette har stort sett gått greitt.

Eg vil også påpeike at dei tre vedleggshefta eg leverer – «Prosess», «Dokumentasjonsrapporten» og «Vi over 60» vart oppretta i eit format som skulle printast tilnærma kvadratisk, og at dette er eit format eg har valt å halde fast ved sjølv om hefta no ikkje blir printa. Førstesida i kvart hefte er altså tenkt som framsida i eit utprinta hefte. Dei er difor ikkje fullstendige A3-format, men fullt leselege på skjerm.

Alt i alt har arbeidet under korona gått greitt for meg, forutan om laptop-problematikken eg la fram om over.

Ane Agdestein